

VÅGÅ FJELLSTYRE

MØTEBOK

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F 471	Knut Øyjordet	01.07.21	23/21

SØKNAD OM TILBYGG PÅ FISKEBU M.M. VED NEDRE LEIRUNGEN – WENCKE SANDBO KVEOM

Saksdokument: E-post frå Statskog av 14.04.21 til fjellstyret med vedlegg.

Saksutgreiing:

Wencke Sandbo Kveom har søkt Statskog om å redusere storleiken på naust/uthus med 8 m², og byggje på 8 m² på sjølve fiskebua, dvs. på langsida av bua. Det som blir att av naustet/uthuset blir da nytta berre som uthus. Det er opplyst frå Statskog at bua vart frådelt frå garden for mange år sidan. Og i 1979 ga Statskog løyve til ei mindre utviding av bua, og etter godkjent byggjeteikning frå 1979 går det fram at bygget har eit areal på bortimot 39 m². Den gongen vart det også gjeve løyve til å rive eksisterande naust for å erstatte med eit nytt.

I e-posten skriv Statskog elles at som praksis kan avgiftsfrie jakt- og fiskebuer rivast og erstattast med ny på inntil 25 m² pluss uthus på 10 m², alternativt bygd saman til 35 m². Saka vart sett på under fjellstyret si synfaring den 22. juni. Statskog har tidlegare tilbode eigaren av bua å kunne opprette eit fritidsfeste med avgift. Pr. i dag har ikkje eigaren takka ja til dette. Før Statskog tek endeleg stilling til søknaden, blir den på vanleg måte sendt til fjellstyret for uttale, jf. § 12 i fjellova.

Vurdering:

Det er slik at fjellstyret i ei slik sak må vurdere eventuelle konfliktar i forhold til bruksrett, samt naturvern- og friluftsinteressene. Dei omsøkte endringane i bygningsmasse på dette festet blir vurdert som lite konfliktsfullt i forhold til desse interessene. Det totale arealet på bygningsmassen i dag er større enn det Statskog normalt gjev løyve til. Men Statskog har tidlegare gjeve løyve til dagens bygningsmasse. Dette er også ei fiskebu som for mange år sidan vart delt frå garden.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til at Wencke Sandbo Kveom får rive 8 m² av uthuset/naustet for så å utvide bua med 8 m² på festet ved Nedre Leirungen. Sjølv om det samla arealet på dei to bygga er større enn det Statskog normalt gjev lov til, så har Statskog likevel gjeve løyve til dagens bygningsmasse tidlegare. Fjellstyret meiner difor at søknaden kan bli imøtekomen.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Statskog v/Hilde Hammer

Vågåmo, 02.07.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no